



Notat

Dato: 14.08.2019
Arkivsak: 2018/16480-116
Saksbehandlar: marsoh

Til: SAMFERDSELSAVDELINGA

Frå: Fylkeseldrerådet

Høyrings svar frå fylkeseldrerådet - Namn på haldeplassar og tunnelar langs Bybanen til Fyllingsdalen

Fylkeseldrerådet i Hordaland viser til invitasjon til å ytra seg om føreslåtte namn på haldeplassane på den framtidige Bybanen til Fyllingsdalen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland skal ha sitt første møte til hausten 5/9-2019, og kan difor ikkje formelt handsama høyringsnotatet. Høyringsnotatet vart difor handsama i arbeidsutvalet 15/7-2019, og forslag til høyrings svar blei sendt medlemmene i fylkeseldrerådet på e-post til godkjenning. Alle medlemmene har pr. e-post godkjent formuleringane nedanfor som rådet sitt høyrings svar.

Fylkeseldrerådet i Hordaland har tidlegare engasjert seg i kva namn busshaldeplassane rundt Haukeland Universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale Sjukehus har. Rådet skreiv 9/11-2017 eit brev til Skyss om dette, der rådet gav uttrykk for at namnet Statsarkivet måtte bli endra til Haukeland og Haraldsplass sjukehus, altså at begge namna var med. Rådet har sidan 2017 ikkje endra syn på at det må gå fram av namnesetting på haldeplassar i området at det her ligg to sjukehus «tett i tett», og ikkje berre eitt.

Når det gjeld Bybanen, så vil det bli berre eitt stopp i området Årstad, medan det i dag er to busstopp (Statsarkivet og Haukeland nord.)

I høyringsnotatet blir det føreslått at namnet på haldeplassen ved sjukehusa Haukeland og Haraldsplass, skal vera Haukeland sjukehus, altså framleis berre namnet på det eine sjukehuset som ligg til haldeplassen. Dette trass i at Haraldsplass Diakonale sjukehus er lokalsjukehuset til alle bydelane i Bergen kommune som ligg frå og med Bergenhus bydel og nordover. Haraldsplass Diakonale Sykehus er også lokalsjukehus for kommunane i Nordhordland. Fylkeseldrerådet vil også nemna at Haraldsplass Diakonale sjukehus har geriatri som sitt spesialområde, og at det difor vil vera mange eldre (og deira pårørande) som vil ha ærend på Haraldsplass.

I svaret frå Skyss på fylkeseldrerådet i Hordaland sitt brev av 9/11-2017, blei det hevda at det ville vera for tungvindt å ha to (eigen)namn på same haldeplassen, altså Haukeland og Haraldsplass sjukehus. Ut frå den argumentasjonen, og for å gjera det enkelt, føreslår fylkeseldrerådet i Hordaland primært at namnet på haldeplassen ved sjukehusa Haukeland og Haraldsplass brukar stadnamna Haukeland- Haraldsplass, sekundært: Sjukehusa.

Vårt primære forslag vil angi staden, og skulle vere tilfredsstillande for både Haukeland sjukehus og Haraldsplass sjukehus. Vårt sekundære forslag seier at dette er haldeplassen for dei to sjukehusa som ligg her. Begge dei alternative namna som vi føreslår, vil gjøra det klart at dette er haldeplassen ein skal gå av for å koma til sjukehusa Haukeland og Haraldsplass.

Fylkeseldrerådet har ikkje kommentar til dei andre namna som er føreslått på Bybanestoppa til Fyllingsdalen.

Med venleg helsing
Hordaland fylkeseldreråd

Gunda Falao Sparre
leiar